

Sosialtenesta (NAV)

1. HOVUDTAL DRIFT

2. MERKNADER TIL DRIFTSRESULTATET ØKONOMI

Regnskapet totalt for 2014 viser eit meirforbruk på om lag 2 millionar kroner. Forbruket når det gjeld økonomisk sosialhjelp er 2,2 millionar over budsjett. I løpet av året tok 156 personar imot økonomisk sosialhjelp. Dette er 4 fleire enn i 2013. Samanlikna med 2013 er meirforbruket til sosialhjelp på om lag 1,8 millionar kroner. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp er høge på Gol samanlikna med dei andre kommunane i Hallingdal.

3. STILLINGAR LIKESTILLING/INTEGRERING

Det er tilsett ein mann og 5 kvinner. Av dette er utgiftene til 1,5 stillingar dekkja av Hemsedal kommune. Det er ikkje tilsett personar med nedsett funksjonsevne eller minoritetsbakgrunn.

4. SJUKEFRÅVERE/ARBEIDSMILJØ

Avdelinga har eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråværet for 2014 var på 12,7 %. Det høge sjukefråværet kan ikkje relaterast til dårleg arbeidsmiljø, men har årsak i alvorleg sjukdom.

5. OPPGÅVER, MÅL OG AKTIVITETAR 2015.

Hovudmålet er å bidra til at brukarane av økonomisk sosialhjelp blir sjølvhjelpne, primært gjennom inntektsnivande arbeid. I tillegg til oppgåver etter lov om sosiale tenester i NAV, er flyktningtenesta lagt inn. Med verknad frå 01.01.13 er NAV Gol og NAV Hemsedal slått saman til NAV Gol og Hemsedal med Gol kommune som vertskommune.

Flyktingar

Resultata frå introduksjonsprogrammet er framleis gode. Mange kjem ut i arbeid eller utdanning etter å ha fullført programmet.

Gol kommune har i 2014 teke imot 17 flyktingar. Det er vedteke at Gol kommune skal ta imot til saman 40 flyktingar i perioden 2012 – 2015. I tillegg kom 4 personar til Gol på familiegjenforening.

6. DELTAKING I REGIONALT SAMARBEID

Gjennom NAV er det mykje regionalt samarbeid på mange områder og plan.

I flyktingarbeidet er det mykje samarbeid mellom kommunane i Hallingdal.

7. PLANLAGDE OPPGÅVER 2015 INNAFOR VEDTEKE BUDSJETT

Hovudfokus i 2015 vil vere å redusere forbruket av økonomisk sosialhjelp og implementere aktivitetsplikt. Vi skal ha stort fokus på arbeid som det viktigaste verkemiddel for å førebyggje fattigdom. Vi skal derfor arbeide målretta for at dei som tek imot økonomisk sosialhjelp og flyktingar kjem ut i inntektsnivande arbeid.

Det er ei målsetting med samanslåinga med NAV Hemsedal at det skal frigjerast ressursar til oppfølging av brukarar mot arbeid.